



Innst. 23 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget frå familie- og kulturkomiteen

Dokument 8:51 S (2013–2014)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Ivar Odnes og Per Olaf Lundteigen om betring av rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg

Til Stortinget

Sammendrag

Fleire av dei frivillige organisasjonane ein finn i Noreg i dag, har vore viktige husbyggarorganisasjoner. Frå tidleg på 1900-talet blei det bygd mange hundretals ungdomshus, bedehus, Folkets hus, losjar og andre typar forsamlingshus rundt om i landet. Husa er framleis viktige for den levande kulturen og kulturlivet i bygdene rundt om i landet. Dei frivillige organisasjonane byggjer framleis lokale kulturbygg.

Samtidig har det dei siste tiåra blitt bygd mange kommunale kulturhus. Desse husa konkurrerer ofte med dei organisasjonseigde kulturbygg om viktige offentlege tilskotsordningar. Mange av dei organisasjonseigde kulturhusa har etter kvart eit tydeleg vedlikehaldsetterslep, og behovet for ombyggingar og modernisering er stort.

Spørsmålet er i kva grad staten og fylkeskommunane kan vere med på å gje dei organisasjonseigde kulturbygg betre rammevilkår. I dag er det særleg to tilskotsordningar som kan trekkest fram: den desentraliserte tilskotsordninga for lokale kulturbygg og momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar.

Det er, etter forslagsstillarane si vurdering, uheldig at organisasjonseigde og offentleg eigde kulturbygg konkurrerer om dei same midlane. Tilskotsordninga bør delast i to, slik at offentleg eigde bygg og

organisasjonseigde bygg har to ulike pottar, og slik at ein unngår at dei organisasjonseigde kulturbygga må konkurrere med offentleg eigde bygg. Frivillige lag og organisasjonar som eig kulturhus får ikkje nokon momskompensasjon ved nybygg, påbygg eller ombyggingar, altså vesentlege kostnadspostar for desse organisasjonane. Forslagsstillarane meiner at momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar derfor må endrast slik at lokale lag og foreininger som eig lokale kulturbygg også må sikrast momskompensasjon ved ny-, om- og påbyggingskostnader.

Forslagsstillarane fremjar følgjande forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringa betre dei økonomiske rammevilkåra for organisasjonseigde kulturbygg ved at momskompensasjon også blir gitt for ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annan fast eigedom.
2. Stortinget ber regjeringa om at det blir oppretta ei eiga tilskotsordning for organisasjonseigde kulturbygg, innanfor den desentraliserte tilskotsordninga for lokale og regionale kulturbygg.»

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Arild Grande, Hege Haukeland Liadal, Sonja Mandt og Rigmor Aasrud, fra Høyre, lederen Svein Harberg, Kårstein Eidem Løvaas og Mette Tønder, fra Fremskrittspartiet, Morten Stordalen og Ib Thomsen, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, viser til forslag 1 som tar til orde for å utvide ordningen med momskompensasjon for frivillige til også å gjelde oppgradering og utbygging av organisasjonside kulturbygg. Ordningen med kompensasjon av

merverdiavgift til frivillige organisasjoner ble etabliert i 2010. I 2014 er ordningen på 1,2 mrd. kroner. Komiteen mener dette viser at ordningen er med på å vesentlig bedre rammevilkårene for frivilligheten gjennom et betydelig bidrag fra staten til det frivillige. Komiteen oppfatter at dagens ordning er relativt enkel, da det enkelte lag eller den enkelte organisasjon søker, og ytterligere rapportering ikke er nødvendig. Med dagens ordning er det momskompensasjon for utgifter knyttet til vedlikehold av eksisterende bygg. Oppgradering eller utbygging gir ikke rett til kompensasjon. Komiteen erfarer at da ordningen ble opprettet, ble det lagt til grunn at nybygg og oppgraderinger utover dagens standard ikke skulle kompenseres, da dette ville legge bånd på en stor andel av midlene og dermed ramme andre aktiviteter i det frivillige.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre og Fremskrittspartiet, viser til at selve innretningen av tilskuddsordningen for mva-kompensasjon til idrettsanlegg, som ble innført av den rød-grønne regjeringen i 2010, gjør den uforutsigbar for søkerne. Flertallet viser til at den rød-grønne regjeringen i sitt forslag til budsjett for 2014 reduserte budsjettposten med 8 mill. kroner til 55 mill. kroner, og selv etter at regjeringen Solberg økte denne posten med 10 mill. kroner, viser det seg å være en underdekning på 50 mill. kroner dette året. Selv om behovet ser ut til å øke fra år til år, vil store svingninger i antallet ferdige anlegg og størrelsen på disse utfordre budsjetteringen. Flertallet er derfor fornøyd med at regjeringen varsler at de sammen med idretten vil vurdere en justering av reglene for ordningen. Flertallet merker seg videre at komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet i denne saken om organisasjonseide kulturygg i stedet drøfter idrettsanlegg, som ligger under andre budsjettkapitler enn hva dette representantforslaget dreier seg om.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til at det er en betydelig underfinansiering av momskompensasjonsordningen både på kap. 315 post 70 og post 82. En rekke idrettslag har fått betydelige avkortninger på forventede refusjoner siden refusjonsgraden bare ble litt over 50 prosent. Disse medlemmer viser i den forbindelse til sitt forslag i revidert nasjonalbudsjett 2014 der posten for anleggsomsoms ble styrket med 35 mill. kroner. Disse medlemmer registrerer også at det i Prop. 1 S (2014–2015) ikke er lagt inn vesentlige økninger på disse postene utover prisstigning.

Videre viser komiteen til forslag 2 hvor det besom en egen tilskuddsordning, innenfor den desentraliserte ordningen for lokale og regionale kulturygg. Komiteen peker på at det er et fylkeskommunalt ansvar å administrere dette. Tilskuddene kan gis til ulike kulturygg og kan benyttes til ombygging og oppgradering, men ikke til vedlikehold eller drift. Såvidt komiteen registrerer, er det en ordning som fungerer tilfredsstillende og har en god fordeling. Både den sittende og forrige regjering har vært oppatt av å styrke momskompensasjonsordningen for frivilligheten. Det er etter komiteens syn viktigst å først fullfinansiere dagens ordning før en innlemmer nye elementer i ordningen.

Komiteens tilråding

Komiteen viser til representantforslaget og til sine merknader og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak :

Dokument 8:51 S (2013–2014) – representantforslag fra stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Ivar Odnes og Per Olaf Lundteigen om betring av rammevilkår for organisasjonseigde kulturygg – vedlegges protokollen.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 21. oktober 2014

Svein Harberg

leder

Kårstein Eidem Løvaas

ordfører

Vedlegg

Brev frå Kulturdepartementet v/statsråden til familie- og kulturkomiteen, datert 25. april 2014

Dokument 8:51 (2013-2014) - representantforslag om betring av rammevilkår for organisasjons- eigde kulturygg

I brev dagsett 10. april 2014 frå Familie- og kulturkomiteen vert departementet bede om å vurdera representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Ivar Odnes og Per Olaf Lundteigen.

Forslag 1 lyder slik:

”Stortinget ber regjeringa betre dei økonomiske rammevilkåra for organisasjonseigde kulturygg ved at momskompensasjon også blir gitt for ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annan fast eigedom.”

Vurdering:

Tilskotsordninga for kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige organisasjonar vart etablert i 2010. Ordninga har vore viktig for å betra rammetilhøva for lokale lag. 17 863 frivillige lag og organisjonar fekk 940 mill. kroner i momskompensasjon i 2013. I 2014 er ordninga auka til 1,2 mrd. kroner.

I Forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner heiter det i § 1 Formålet: ”*Formålet med ordningen er å fremme frivillig aktivitet*”. Ordninga skal kompensera for utgifter som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift når dei kjøper varer og tenester. Ordninga er enkel: Organisasjonane søker, men rapporterer ikkje om bruken av midlane.

Det er i forskrifa § 7 Generelle vilkår opplista ein del utgifter som det ikkje vert ytt kompensasjon for. Desse omfattar mellom anna: ”*Kompensasjon ytes ikke til ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annen fast eiendom som ikke anses som drifts- og vedlikeholdskostnader. Det ytes heller ikke kompensasjon for kostnadsførte avskrivninger på aktiverte kostnader for bygg, anlegg eller annen fast eiendom. Kompensasjon ytes ikke for drifts- og vedlikeholdskostnader som gjelder bygg, anlegg eller annen fast eiendom for utleie, med unntak av utleie til andre ledd eller aksjeselskap i samme organisasjon som kommer innenfor målgruppen for ordningen.*”

Organisasjonar får like fullt momskompensasjon for utgifter knytte til vedlikehald av eksisterande bygningsmasse. Døme: Ein organisasjon vil få momskompensasjon knytt til skifte av golv i eit hus, men ikkje til å utvida grunnflata i huset. Om du

skiftar noko du allereie har med noko meir tidsmessig, er det vedlikehald (til dømes det elektriske anlegget). Om du oppgraderer standard vesentleg, er dette ombygging og gjev dermed ikkje rett til kompensasjon.

Som forslagsstilarane peikar på, er føremålet med ordninga å fremja frivillig aktivitet. Då ordninga vart oppretta, vart dette tillagt stor vekt og ein la til grunn at dersom momskostnader knytte til bygg og anlegg skulle kompenserast, så ville desse ta ein altfor stor del av løyvinga. Dette ville i så fall hatt som konsekvens mindre midlar til aktivitetar.

Forslag 2 lyder slik:

”Stortinget ber regjeringa om at det blir oppretta ei eiga tilskotsordning for organisasjonseigde kulturygg, innanfor den desentraliserte tilskotsordninga for lokale og regionale kulturygg.”

Vurdering:

Frå 2010 er det fylkeskommunane som har ansvaret for forvaltinga av spelemidlar til kulturygg, innanfor ramma av den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturygg. Tilskota skal medverka til eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemد. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konserthal eller formidlingslokale for biletakunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturygning, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksamd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn. Det er fylkeskommunane som fastset nærmare vilkår for søknader om tilskot.

Av rapporteringa frå fylkeskommunane til departementet går det fram at det er ei god fordeling mellom type bygg som får tilskot, og mellom tilskot til nybygg versus ombygging. Organisasjonseigde hus som grendehus og samfunnshus, bedehus, Folkets hus, Bøndenes hus, hus for speidarar og for Raudekrossen har fått tilskot. Rapporteringa tyder på at det er vilje og interesse for å utvikla eksisterande kulturarenaer som har god lokal forankring.

Eg ser difor ikkje at det er naudsynt å oppretta ei eiga tilskotsordning for organisasjonseigde kulturygg.

bygg. Dagens ordning kan nyttast til tilskot til organisasjonseigde kulturbrygg. Ei todeling av ordninga

vil føra til mindre fleksibilitet, noko som ikkje er ynskjeleg.